



Alver kommune ved landbruksavdelinga
Kjartan Nyhammer

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18195 - 20/77397

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.12.2020

Oversender søknad om dispensasjon til utførelse/behandling etter særlov - gbnr 107/7 Kolås

Tiltak: Utviding av parkeringsplass
Byggjestad: Gbnr: 107/7
Tiltakshavar: Alver kommune, Bygg, areal og grønt

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen for Lindås sin arealdel for å utvida parkeringsplassen for turgåarar i området rundt Kolåsfjellet. Parkeringsarealet har i dag for få plassar og etablering av dagsturhytte i området vil medføra behov for fleire parkeringsplassar. Utvidinga vil auka parkeringskapasiteten frå 10 til 25 plassar.


Parkeringsplassen får eit areal på i underkant av 800 m² der eksisterande parkeringsplass utgjer 400 m² og resten utgjer i underkant av 400 m² dyrka mark.

Situasjonsplan og ortofoto



Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås sin arealdel er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk, H510_oL01.



VURDERING

Jordlova

Tiltaket krev løyve etter jordlova.

Veglova

Tiltaket krev utvida avkøyringsløyve frå kommunal veg og dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg. Søknad er send inn og under behandling ved avdeling for samferdsle, veg og VA forvaltning.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gbnr 1077 Kolås - Søknad om dispensasjon og omdisponering av jordbruksareal - utv
kolås_m1000
Kolås_m500
Oversiktskart parkeringsplass gbnr 107-7

Kopi til:

Bygg Alver kommune

Mottakarar:

Alver kommune ved landbruksavdelinga
Fylkesmannen i Vestland
Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863 LEIKANGER
5020 BERGEN